


L'arbre à rumeurs



Performance, 28. mai 2022
Nordskogen, Campus Ås

Hanan Benammar
Anne Cecilie Lie
Per Platou
Sulekha Ali Omar
Anniike Flo
Sultan Hadaddeen
Andreas Brunner

Tekst: Ragnhild Aamås

Sjølv om kvart einskilde tre strever mot lyset, strever det også mot molda og utover og innimellan der nede i mørket. Og det er ikkje minst der nede, saman med rotstenglar og sopptrådar, at det ryktes mellom trea, gjennom skogen og at kvart enkelt tre vert noko meir enn berre seg sjølv.

Ein person i turklede – eit kreatur som er ikkje gåande, ikkje ridande – sitter på ein liten skulptur av ein kalv, føtene når lett ned til graset der på skulpturens stille stad mellom livsvitskapsbygget, bilvegen og skogholttet. Kalven skal sjå yr og mjuk ut, gjengitt som den er i eit metall, krenger den likevel hovudet oppover, og har ein leiken knekk i beina.

Hen seier at arboreet her, i bakgrunnen for dei, er det største og mest omfattande i Noreg, og minner oss på at landet me er i har veldig begrensa artsmangfald – også når det gjeld treslag – samanlikna med dei fleste andre land. Dette har dels å gjere med ferdsselsårer. Hen held fram gjennom å gi instruksjonar for konsentrasjon i form av ein lyttetur i Nordskogen: gå med munnen som klistra igjen, og øyrene opne. For å skjerpe øyrene våre beskriver hen kor ulike lyder kan høyras ut med anekdoter til smak, sanseområdet tunga bak dei stengde leppene rår over.

Vi ruslar gjennom skogen med ein omtrentleg femmeter avstand. Der har vore ei stor deling av myggspray, for vekstområda er også insektasrike.

Midt i arboreet høyrer eg susset frå motorvegen, og støyen frå universitetscampus med eit spekter frå vedlikehald av marker til studentfestivalar. Samtidig, no i kveldinga tidleg om somaren, kvitringa som eit forheng ein stadig beveger seg gjennom. Skogsyre, kvitveis, granskudd, gjerdevikke, strutsevinge, blåbærlyng og bringebær – om eg kjende melodien til kvar fugl og kvart insekt, ville nok også deira song løyse seg opp i enkeltstørrelsar slik navna på nytteplantene skiljer ut det enkelte i skogbotnen sin generelle grønske. I tillegg, eigenlyden til trea saman med vinden: ospa rislar, grana knakar. Habitata dei forskjellige trea er med å støtte lagar mikrolydar eg tenker meg, i denne skogen inneklemt mellom menneskebygg.

Den lange slyngerørsla me går i kryssar over i eit opnare grasdekt område med ospetre like bak og driftsbygg på høgre side. Kor føtene over underlaget bygd opp av nedfall frå tre og kvast lagar eit teppe med spes lyd som kunne sei eit noe om kor ein er. Nokon fortel meg dei høyrte stemma til bildekunstnaren H. kviskre «ein» og «to» på fransk. Som ein ertande marsjordre eller den grunnleggande digitale informasjonsvekslinga.

Eg får høyre frå nokon andre at dei hørde ein kvinande lyd heilt tidleg i vandringa, verkeleg like etter gåstart, som av grasshopper. Sjølv tek eg orddokumentasjon, og me er i ei tid der idealer om tale blir satt opp i mot rykter som rører seg. Det finns ingen undergrunn i dette landet. Svaret må bli så mange rapportar som råd er, om spørsmålet er det rådville: kan me bli einige om kva me observerer. Det er mindre om nøyaktigheit enn om mangfaldiggjering. Rykte er både i forkant av ein observasjon og ei etterdønning, eit omdøme, av noko hendt. Hukommelse og gjengiving. Kast det fram igjen. Teknikken for tilsløring og omforming av kviskreleiken, får kraft i framvisninga av utgangspunktet og resultatet som motor for leiken.

Ei kvinne med håret i ei lang flette over eine skuldra, svart genser og rauda bukser med ein stor hund, brystkassa hever og senker seg som etter ei økt hard jogging. Eg la merke til henne då ho jogga forbi oss, no står ho ved kanten av stien, mellom buskene og stirrar på lytteprosesjonen eg deltek i gjennom Nordskogen, forskningsskogen. Me er dei framande i hennar og hundens kvardag kan det kjennes som, eller er ho del av scenografien slik dei tillagte lydane og det neste dyret me møter er? Dette ligg nært vona om at forestillingar kan flytte på forestillingar gjennom å redigere den opplevde røynda. Så skifter ho blikket sitt, ser skrått ned mot hunden. Men kva gjer hunden? Det har eg gløymt å huske. Og kva farge har den? Mange veker seinare, på ein skrå grasbakke, nær mange piletrær og ved ei av få bruver utsmykka med statuer i sentrale Oslo, får eg nyss om at hunden og joggaren var hyra gjennom ei sosialemedier annonse med nokon spesifikke krav kva gjald fargen på hunden. Denne hugser eg ikkje, og det neste dyret kjem brått på, som eit ord kviskra på skuldra di når du reiser solo i ei uoversikteleg T-banevogn.

Sjakalen som står i grøfta ved rotveltet, har eit veldig tydelig høyrer ikkje heime her preg. Den har vore gjennom taksidermi, men det er denne rigide kroppen som er så feil men likevel minner om den tilstivna alerten hos eit jaktande dyr som har auga på eit bytte, som kopler seg til noko som har skremt mennesket gjennom generasjonar. Omtrent her kjem også ein lyd som ikkje høyrer heime i den lune tørre kvelden, som dråpar med romleg klang som dei fell frå eit lauv og ned i ein dam omslutta av metallveggar.

Lytteturen har satt an ei viss stemning: då me kjem til skråninga med strutsevingar – bregneplanta altså, ikkje ei skråning bekledd med vingar frå strutsefugl stappa i bakken til pryd som nellikar i ei appelsin –, held enno alle tyst og lytter. Langs stien har me sett skilt: sprukne gamle ovalar i treverk med navnet til trevekstene like ved på, og nokon svarte skilt i metall, nyare men utan påført informasjon. Dei står som ein strek med ein knekk på toppen.

Brisk, bresk, brakje, sprakje, bruse. No kjem ei kviskrestemme, ho nevner ein serie latinske ord for vekstene omkring oss. Messande og roleg. Er det, igjen, H.?

Ein kar i blazer og fargerik lue dukkar opp. Kor underleg lett me aksepterer at det no er blitt ei slags introduksjonsforelesing i skauen, til forskningsområdet hass. Me sit på individuelle, små rompestore sølvunderlag som ser ut som dei er plukka av kræsja starlink-satellittar. Han kjem inn frå høgre, målar stammeomkretsar og noterer. Det handlar om trekruner og det tellbare ved vekst og lysforhold. Ulike måter å øve forskninga på, frå fysisk å klatre opp mellom trekrunene, til å kutte dei alle ned og måle, sprengje dei med dynamitt, og til laiderscanning av trekrunene for å omdanne dei til punktskyer (pointclouds). Slik avlesing kan berre skje når trea er heilt i ro, og det er dei nesten aldri. Brått handlar forskninga då om å vente og å kike på skjermer og ikkje å klatre metervis opp i tre. Forskaren sin kropp vert endra. Frå friklatrar til kronisk stive nakkemusklar. Han fortel om risikoar i yrket og om kor næring blir delt mellom topp og bunn i treet, om krunene sine former og fotosyntese på toppen av vaklepinnar. Om individuell suksess for trea og kven som feilar. Om røra mellom stamme og bark, mellom krune og røtter, som sender næringa hit og dit. Aquafage føkkers, kunn ein sei.

Det lukter mykje i skogen. Han makta fortelle noko om saknet etter sansedata i grepet til rekninga. Og ein vemod, trur eg, over kor yrket er blitt endra av måleinstrumenta. Med yrket så også livet. Det er kanhende påfallande kor lett det er å gjengi ein røynd forelesar samanlikna med dei meir komplekse bodskapa i rørslesekvensane som følger.

Ein publikummer reiser seg opp frå der ho har sete, mykje som eg, som ein tilforlatelig del av mengda. Ho smyg ned mellom småvekstene, til botnen av den V-forma skråninga me sitter i, eit slags skogsamfiteater, eit hakk, ein stad å starte frå, og stiller seg opp og ser ufortrødent på skogkruneforskaren. Ho lagar ei bølgerørsle med armane – som ein skyy noko tungt vekk med ein stor grad av noko som minner om eleganse, innsikt og styrke. Ho leder, han følger i eit sett av rørsler som tar form av ei omdannande hermekårka. Einskildgreina, trekruen, rotkrune, kruneskall, krunevolum, trevekst, prosess. Dei talte og gjentekne orda koplar seg stikkordaktig på foredraget. Dei lagar eit speglande par, rørsler og ord hermast og sirkulerast. So forsvinn dei begge målande og noterande i krattet mot venstre. Kven som leiar og kven som følger då, er berre diffust.

Høgt opp knakar det i skogbotnen. Ei kledd i kostymet til ei dronning i raudt, blått og lys kjem rullande mellom busker og lyng, stammar og kvist, med paljettar, raud platå og eit langt gult slep. Kor langt? Som ein kokong under utvikling, slepet heng att metervis opp mellom buskene og dei høge tynne nåletrea. Ho fell seg sakte sakte ned skråninga, med det eg tenker på som ein særeigen ynde ein stad mellom vilje og tyngdekraft. Eller sakte, etterpå hugsar eg kor overraskande snøgt fallet var over, men korleis kan ein dvele ved eit fall? Eit bilde av det er tåret i kortstokkens «store arkana» der ordenen blir skyvd til sida i eit følt uvêr og kroppar fell frå tårntoppen lik finansfolk frå skyskraparar. Likevel er kanhende andre bilder, enno meir orientert mot kroppen og mindre mot systemet, dei som rører ved tilskodarar innst i navlekrokane: For lenge sidan såg eg eit fall ned ei trapp, i ein tidligare gymhall, på ei tribune av noko slag omgjort til midlertidig visningsrom under ei større kunstmönstring. Rørsla gjekk so sakte det var uråd å seie om den fallandesov, eller falt nedover eller eigentleg trilla den andre vegen, altså oppover trappene. Utstrekninga og trengleiken gir ei kjensle av å bevitne ei oppheving av det som rår. Desse andre falla virka inn på det fallet, dronningfallet, eg ser. Ho som bær dronningskruden øver trekkevna til kjerna. Hendene ut over hovudet som ei trekrune kunne ein tenke seg, og ho fell og fell. Ikkje som eit usett tre i skogen men for publikum.

Det knakar og knekk i arboretet.

Eg har venta nokon veker på å drøyme eitkvart som kunne sette denne opplevinga i forskningsskogen i perspektiv. Ei det undermedvites treffande samankopling av ditt og datt. Det har latt vente på seg, men istadenfor har eg merka meg ei fortelling om skogen som biletet for menneskesamfunn på ein podcast lytta til under ei omfattande nedriving av hårete tapet i en tidskapsel frå 1983: Medan kompleksiteten i urskogen liknar det som vaks fram i masseassosiasjonenes tid, frå seint 1700-tall og frem mot 1960, er det etter nyliberalismens flathogst av sådanne, kome til nye sosiale masseassosiasjoner. I form av band som blir knytte på nytt mellom atomiserte individer/familieceller, gjennom sosiale medier. Men i motsetning til dei tidligere assosiasjonene/foreningene, der forbindelsene var knyttet fast i reproduksjonene av livet, er den nå langt simplare, langt frå like sammenfiltret som før: lik som mono-kulturbplantningar, der et enkelt lite virusangrep kan ta ned heile feltet på kort tid.

Seinare får eg gjennom å slå opp vite at arboret er ei treplanting der forskinga på introduksjon av nye artar i eit klima foregår.

Kva ro lar seg søke i ein slik skog?

K
O
R
O

Campus Ås, KORO.008399